

Årsmelding for Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms, 2023.

256 medlemmer per 31.12. Styremedlemmer valde på årsmøte 15.03.2023:

Ingunn Elstad, Toril Jenssen, Grete Mathiesen, Synnøve des Bouvrie. Vara: Ildri Olaisen, Asbjørg Fyhn.

Styret har hatt regelmessige møte og sendt ut medlemsbrev kvar måned.

Lokallaget har hatt «klimakafe» i Tromsø annakvar veke, der aktuelle saker blir diskutert. Vi har for eksempel diskutert nedbygging av naturen og begrepet arealnøytralitet i samband med Tromsø kommunes kommande arealplan, og har studert Sabimas naturrapport. Vi har skrive aviskronikkar om Nord-Noregbanen og om Melkøya.

Nord-Noregbanen

BKA hadde ope møte i Tromsø 13. 02: «Nord-Norgebanen– en hastesak for klimaet og for landet.» Innleiing ved Thor Bjørlo, Norsk Bane AS.

Organisasjonane som arbeider for Nord-Noregbanen var invitert. God og konstruktiv diskusjon.

BKA sendte innspel om Nord-Noregbanen til fylkets regionale plan for klimaomstilling, og brev til ordføraren i Tromsø 12.04.2023. Tromskomiteen for jernbane arrangerte Jernbanemarsjen Storsteinnes- Sætermoen 16.-20.08, der medlemmer i BKA deltok. Konseptvalgutredninga for Nord-Norge-banen vart overlevert 27.09. Saman med For Jernbane, Tromskomiteén for jernbane, Aksjonsgruppa for Nord-Norgebanen, Jernbane Nord sende BKA Troms ut ei pressemelding. Synnøve har skrive høyringssvar frå BKA.

Vi har hatt stands med medlemsverving, sjølvproduserte brosjyrar om Melkøya og Nord-Noregbanen, og valbrosjyrar, bl.a. under Bakgårdsfestivalen i Harstad 19.08 og underFolkehelsekonferansen i Tromsø 21.09-22.09, der vi hadde presentasjon under emnet klima.

Kommunevalet: På initiativ frå Framtiden i våre hender deltok BKA i utarbeiding av klima- og miljøspørsmål til politiske parti i Tromsø kommune.

BKA støtta markeringa av **Fredsveka** 22.-25.09 med **FN's dag for avskaffing av atomvåpen**, arrangert av av mange organisasjonar.

Klimahandling, olje og gass

Vi deltok i klimastreik 03.03 i Tromsø på initiativ frå engasjerte studentar. BKA hadde ope møte i Tromsø 15.03: «For klimaet og havet – stans elektrifisering og leiteboring i nord!» Innleiing ved havforskar Per Arneberg. Lærarik diskusjon. BKA deltok i 8.mars- og 1.mai-markeringar i Tromsø med klimaparolar. Styret vedtok i august å prioritere Melkøya-saka. Vi fatta håp frå den globale bevegelsen for fossil utfasing, og Klimautvalet sin rapport, og gjekk saman med Latin-Amerikagrappa, Naturvernforbundet, Natur og Ungdom og Framtiden i våre hender, om å arrangere folkemøtet «Livet etter olje og gass» 8.11 og demonstrasjon med møte under den nasjonale klimamarkeringa 20.11. Begge markeringane var svært vellykka.

<https://www.besteforeldreaksjonen.no/2023/11/folk-for-omstilling/>

Landbruk: BKA-medlemmer i Kvæfjord, med Svein Robert Guttormsen som initiativtakar, arrangerte 6.12 eit vellykka dialogmøte med representantar frå ulike organisasjonar: «Bærekraft og klima. Hvor er vi i det norske landbruket, og hvor skal vi?».

Oppsummering: Aktiviteten og samarbeidet er styrka i 2023, vi har fått vel 50 nye medlemmer, og opplever at mange er opptatt av klima.

For styret i BKA i Troms, Ingunn.